

Til:

Fiskeridirektoratet

Volda kommune

Uttale vedrørende endring av regelverk for fjordfiske

Vi viser til korrespondanse i januar 2019, og oversending av informasjon til Fiskeridirektoratet vedrørende sak 18/17946 og Miljøverndirektoratet verdrørende sak 19/2500 som gjeld oppheving av forbodet mot bruk av lys ved fiske med snurpenot

Vi gjentek hovudsaka: Fiskeridirektøren si melding J-169-2017 oppheva forbodet mot bruk av lys ved fiske med snurpenot i Møre og Romsdal. Dette har medført andre gongs utfisking av fjordane (fyrste gong ca. 1955 – 1972, innføring av lysforbod J-370):

- at yrkesfiskebåtar fiskar ut fjordane for lokal sild, botnfisk og anadrome fiskeartar
- det vert fiska i munningsfredningssonene for anadrom fisk til stor skade for laks og aurebestand. Munningsfredningssonene frå miljøavdelingane vert dermed ikkje respekterte av fiskeridirektoratet, dermed får yrkesfiskarane løyve til å fiske i desse områda

Grendelaga i Volda kommune ser med stor bekymring på denne situasjonen. Folket som bur langs fjordane har stor kunnskap om utvikling og forvaltning av fiskeressursane. Observasjonar gjort av lokale eldre menneske er viktig kunnskap, særleg med tanke på kva slik drift som føregår no har av betydning på sikt.

Det er med bakgrunn i slike observasjonar at grendelaga no krev:

- **At dei rette forvaltningsmynde grip inn og gjen-innfører totalt forbod mot lys og forbod mot snurpenot i fjordar og grunne område**
- **At dei lokale, fastståande sildeartane får eigne kvoter (førerebels sett til 0 – null uttak), slik at den ikkje døyr ut grunna felleskvote med NVG- og Nordsjøsilda**

Grenselinjene var frå før slik (jamfør fiskeridirektoratet sine J-meldingar) i gamle Volda og Ørsta kommunar:

J-44-1998 (utgått. Erstatter J-191-1989. Erstattet av J-169-2017). Gjeld bruk av lys

Hjørundfjorden: Sæbø – Leiknes

Austefjorden: Skorneset – Årsetstokken

Kilsfjorden: Åshammaren – Goteneset

Dalsfjorden: Eidsetosen – Jotteneset

I nye Volda kommune bør det leggast inn endra soner:

Austefjorden og Kilsfjorden: Ny line Furneset – Mek. Den tek betre vare på anadrome fiskeartar og legg Høydalselva i same sone

Dalsfjorden: Ny line Kvangarsneset – Nautvikneset. Den tek betre vare på anadrome fiskeartar og legg Dalselva, Dravlauselva og utløpet frå Tussa Kraft Åmela i same sone

Hjørundfjorden: Bruk dei tidlegare grensene Sæbø - Leiknes

Hornindal: Anadrome fiskeartar går Nordfjorden – Eidselva – Hornindalsvatnet – Honndøla og bør ha si sone i Nordfjorden

Vi viser til vedlagt rapport frå Austefjord grendalag av 02.02.2020 andre utgåve, utarbeidd av Oddvar Høydalsvik i samarbeid med eldre personar i området

For Grende-lag/utval i Volda kommune:

Austefjord, etter fullmakt for sak Oddvar Høydalsvik (sign)

Dalsbygd, leiar Randulf Reite (sign)

Dravlaus og Innselset grendalag, leiar Jorunn Beate Innselset Lande (sign)

Folkestad, leiar Frode Kleven (sign)

Hjartåbygda, leiar Tonje Berg Bakkebø (sign)

Høydal, etter fullmakt Lars Jon Høydal (sign)

Indre Dalsfjord, leiar Einar Furnes (sign)

Kalvatn, leiar Sivert Kalvatn (sign)

Kilsfjord, leiar Oddbjørn Følsvik (sign)

Vikebygda, leiar Margrethe Munthe Vassbotn (sign)

Kopi til: Havforskningsinstituttet, Miljødirektoratet, Runde Miljøsenter, Møre og Romsdal Fiskarlag, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Ørsta kommune, Stranda kommune, Vanylven kommune, Sande kommune, Herøy kommune, Ulstein kommune, Fylkesmannen i Trøndelag, Trøndelag Fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Vestland Fylkeskommune, Stryn kommune, Stad kommune, NRK Møre og Romsdal, Sunnmørsposten, Møre, MøreNytt, Fiskeribladet, Nationen, Lise Ekros, Einar Furnes, Oddvar Høydalsvik (etter fullmakt Austefjord Grendalag)